

Oppsummering frå hyttemøtet 08.10.16:

Tilstade: ca. 32 hyttegolingar

Innleiarar:

Ordførar Heidi Granli – Velkommen og fakta om hyttegolinga

Gol kommune v/Hanne Cecilie Nes – Informasjon om reglar og lovverk knytt til hyttebygging

Hallingdal Renovasjon v/Leif Ove Sataslåtten – Informasjon om renovasjonsselskapet i Hallingdal og renovasjonsløyisingar på Golsfjellet

Gol Reisemål v/Frode Bjelland – Informasjon om destinasjonsselskapet og aktivitetar

Innspel frå hyttegolingane:

- Opningstider er viktig for hyttegolingane og det kom attendemelding på at opningstider til butikkar, turistkontor og symjehall (og/eller andre aktivitetstilbod) må betrast for dei som oppheld seg i kommunen. Innspelet blir lyfta vidare via dagleg leiar i Gol Reisemål til styret som styrar opningstider for turistkontor og til butikkane i neste sentrumsmøte. Ordførar vil ta innspel på opningstider til symjehall og/eller andre aktivitetstilbod i kommunal regi til politikarane.
- Auke løypebidraget
- Ynskje om meir informasjon frå Gol kommune
- Ynskje om eit møte i halvåret